

KOMPETANSE- OG INNOVASJONSTILSKOT

1. Kommunen si vurdering om måloppnåing for kompetanseheving og kompetanseutvikling, inkludert kompetansesituasjonen

- Hjelpemiddel til vurderinga: kompetanseutfordringar, rekrutteringsbehov, status for kompetanseplanlegging og vedtekne planar
- *For å kunne møte auka krav i helse og omsorgstenestene nå og i framtida følg Lindås kommune kompetanseheving i tråd med overordna kommunedelplan, kompetanseplanar og verksemdsplanar.*

For å sikre ein berekraftig helse og omsorgsteneste styrker vi mellom anna kompetansen gjennom vidareutdanning til enkeltpersoner. Dette gjeld mellom anna sakshandsaming, palliasjon, rehabilitering og habilitering, psykisk helse og rusarbeid og demens. I tillegg sikrar me betre kvalitet i tenestene med å styrke kompetansen hos flest mulig tilsette i dei ulike einingane. Derfor har me valt å satse breidt på ABC utdanningane.

Ei styrka helse og omsorgsteneste krev faglig og strategisk leiarskap, me har derfor satsa på vidareutdanning av leiarar.

2. Kommunen si vurdering av måloppnåing for bruk av opplæringstilskot til BPA (brukarstyrt personleg assistanse)

- *Lindås kommune søkte ikkje om tilskot til BPA i 2018.*

3. Kommunen si vurdering av innovasjonsprosjekta som Fylkesmannen har gitt tilskot til

- *Kommunen har fått tilskot til « Lindås2- Alarmmottak som sentral utfordring og mogelegheit i eit kommunalt omsorgsteknologitilbod» Prosjektet var planlagt avslutta 31.12.2018. Viser til Halvvegsrapport.*

I desember 2017 blei det søkt RFF om forlenging av prosjektperioden frå 01.01.2019 til 31.12.2020 med begrunning : « Forlengelsen er i hovudsak knytta til at prosessen med å etablere et lokalt alarmmottak har tatt lengre tid enn først planlagt, og mottaket vil ikke være i drift før februar/mars arbeidets stipendiat er ansatt i fire år, da det inngår et år med pliktarbeid. Det fører til at hennes forskning strekker seg over tre år og ikkje fire (stipendiaten finansieres av HVL, men er svært viktig for prosjektes forskningsresultater) I tillegg har prosjektets stipendiat foreldrepermisjon i deler av 2017 og 2018 , og hennes arbeid vil tidligst være ferdig i andre halvdel av 2020»

Søknaden blei innvilga av RFF

Prosjektarbeidet er difor fortsatt i full drift i 2018. Innovasjonsarbeid er prega av «prøving og feiling» Utviklinga av teknologien går raskt, og det er mange endringar og uttestingar undervegs. Det er spanande å være med i dette utviklingsarbeidet , men også krevjande å drifte prosjektet parallellt med å gje forsvarlege tenester. Forskningsprosjektet gir ny informasjon og viktig erfaring både lokalt og nasjonalt.

4. Kommunen si samla vurdering av måloppnåing med implementering av velferdsteknologi for tryggleik og meistring i forhold til målet om at velferdsteknologi i 2020 skal vere ein integrert del av tenestetilbodet i omsorgstenesta .

- *Kommunen har implementert velferdsteknologi som ein del av tenestetilbodet, og er ein del av «tenestemenyen». Informasjon om tenesta er lagt ut på kommunen sine heimesider.*

5. Utfyllande forklaring om eventuelt ubenyttat beløp

- *Det er søkt overføring til 2019 kr 20 000,- (av tilskot 50 000) «Eldeomsorg/demens». Dette skyldast at studie «Miljøarbeid i demensomsorga» går over to semester hausten 2018-vår 2019 (Vedlegg 1.)*
- *Det er søkt om overføring til 2019 kr. 10 000,- av tilskot til helsepedagogikk. Dette med grunn i at deltakarar frå Lindås kommune fekk ikkje plass på kurs som vart arrangert i 2018 då Helse Bergen arrangerte færre kurs enn planlagt (Vedlegg 15). Utdanning på begynt i 2019.*
- *Det er søkt om overføring til 2019 kr. 23 432,- av tilskot til påbegynt leiarutdanning. Sjå vedlegg 7 for utfyllande forklaring.*
- *Det er søkt om overføring til 2019 kr. 32 749,- av tilskot til vidareutdanning i påbegynt velferdsteknologi. Sjå vedlegg 11 for utfyllande forklaring.*
- *Kr. 172 000,- betales tilbake av tilskot tildelt til intern opplæring av velferdsteknologi. Sjå vedlegg 16.*